

Fra: Merethe Tvedt
Sendt: 2. juli 2018 13:32
Til: 'paal.arkbc@gmail.com'
Emne: Førespørsel vedr. eiendom med gbnr. 54/14, Skjelangervegen 903-5917
Rossland

Hei Pål Jøran Carlsen,

Viser til din førespurnad om mulighetene for å bruksendre skulehuset på Skjelanger, frå samfunnshus til bustad med næringslokale i underetasjen, gbnr 54/14.

Eigedomen ligg som landbruk, natur og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA) og er avhengig av dispensasjon frå arealformålet. I tillegg vil tiltaket vera avhengig av løyve frå Statens vegvesen om endra og utvida bruk til eigedomen.

Alle nye tiltak vil komme i strid med byggjegransa til Statens vegvesen på 50 meter, og vera avhengig av dispensasjon frå den. Fylkesvegen har ei støysone, som vist på kartutsnitt nedanfor. Bygga er plassert utanfor denne sona, men ein må ved bruksendring gjere greie for støy ifht. den nye bruken.



Ein må påsjå at veg, vatn og avlaup er sikra på eigedomen.
Tekniske krav til bustad og næring må vera på plass.

Det er gjennom kommuneplanprosessen lagt ut eit område for spreidd bustad område (SB_23) nokre hundre meter vest for eigedomen. Det er i dette område ein har opna opp for spreidd bustad i område på Husebø.

Administrasjonen ser ikkje at denne dispensasjonen vil vera kurrant, sjølv om ein kan oppfylle tekniske krav.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt
Rådgiver byggjesak
Meland kommune
e-post: merethe.tvedt@meland.kommune.no

